

## Referat: Villrein fjellet som verdiskaper

- Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell. Referat for møte i styringsgruppa 6.9.2018 kl. 14.00 – 15.15, Eikerapen Gjestagard.

Deltagere:

*Ørnulf Haraldstad*

*Ola Olsbu*

*Tor Arne Eiken*

*Åshild Hus (via skype)*

*Franz Are Nilsen (via skype)*

*Bjørn Laugaland*

*Margit Smeland*

*Jørn Trygve Haug*

*Gisle Ekse (via skype)*

*Forfall: Marianne Singsaas (villreinsenteret)*

### Sak 1. Adaptiv løypeforvaltning – godkjenning av rapport til høyring.

Gisle Ekse gjekk igjennom hovudinnhaldet i rapporten. Styringsgruppa ønskja følgjande endringer:

- Presisering av formulering knytt til tidlegaste oppstartstidspunkt for trasé Galteflotti i kapittel 2.2.1 (rett kapittelnemning skal vera 2.2.3)
- At det ved opning av trasé, i tillegg til synfaring, skal gjennomførast samtale med SNO (kapittel 4.1).

Rapporten vert sendt ut på avgrensa høyring veke 37. Høyringspartar er:

- Aust-Agder fylkeskommune
- Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder
- Bykle kommune
- Villreinnemda for Setesdalområdet
- Villreinutvalget
- Aust-Agder turistforening
- Råka grunneigarar

### Sak 2. Kartlegging av ferdselstal via mobilbruk - førespurnad frå arbeidsgruppe 4 om finansiering av eit opplegg i regi av Telenor

Saka vart drøfta med utgangspunkt redgjerung i dagsorden.

Styringsgruppa løyver inntil kr. 30 000 som delfinansiering av eit analysearbeid for å få betre talgrunnlag for ferdsel kring Berdalsbu. Styringsgruppa oppteken av at ein ikkje er for snever i geografisk avgrensing av analyseområdet.

### **Sak 3. Fastsetting av praksis for møtegodtgjersle mv. for deltakarar i arbeidsgruppene.**

Saka vart drøfta med utgangspunkt redgjerung i dagsorden.

Styringsgruppa legg til grunn at deltakande partar i prosjektet sjølv kostar reise og tidsbruk. Unntak gjerast for private deltakarar i arbeidsgruppene som ikkje formelt er partar i prosjektet. Vanlege statlege satsar vert da lagt til grunn.

### **Sak 4 Eventuelt**

#### *Neste møte*

Neste møte i styringsgruppa: 18. oktober kl. 09.00 – 10.30 på Skype. Tidlegare oppsatt møtedato 19. oktober går ut.

#### *Regional samling i samband med kommunale sti- og løypeplanar*

Eit av tiltaka i prosjektbeskrivinga for delprosjekt 4 er «*Regionvise samlingar i regi av fylkeskommunane for å motivere kommunane og spreie kunnskap om utarbeiding av sti- og løypeplanar*». Jørn Haug tok opp spørsmålet om ei slik samling bør arrangerast seinare i haust eller rett over nyttår. Dette med bakgrunn i at fleire kommunar alt er i gong med slike planar og at det difor er viktig å få til ei felles forståing for innhaldet i slike planar.

Om det praktiske lar seg ordne ønskjer styringsgruppa at arbeidsgruppe 4 jobbe vidare med dette, med siktemål å få til ei samling seinare i haust eller over nyttår. Det må vera ein tett dialog med fylkeskommunane i fortsettinga.

Det vart i same sak drøfta vidare organisering av arbeidsgruppe 4 (*Sti- og løypeplan – adaptiv løypeforvaltning*) og om det er aktuelt å endre samansetninga av denne som følgje av at ein snart er over i driftsfasen av den adaptive delen i Bykle. Større fokus vil da bli satt på dei andre tiltaka som ligg til denne arbeidsgruppa ref. prosjektbeskrivinga. Styringsgruppa bar om at det vart lagt fram ei sak på dette i neste møte 18.10.2018.